

Eksamen

15.11.2017

HEA2001

Helsefremmende arbeid

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på ved vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• forklare kva allmenntilstand er• gjere greie for prinsippa for og demonstrere grunnleggande sjukepleie• gjere greie for dei vanlegaste teikna og symptoma på sjukdom og skadar, og kjenne igjen sjukdomsforverring• forklare kva kvardagsmestring, habilitering og rehabilitering er, og gi eksempel på førebyggjande og helsefremmande tiltak <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene• viser kreativitet i val av løysingar• viser ferdigheiter i problemløysing• har fokus på brukaren• ser helse i eit heilskapleg perspektiv

Situasjonsskildring:

Du arbeider som helsefagarbeidar i heimetenesta i ein liten kommune. Der har du primæransvar for Razan som opphavleg kjem frå Syria. Han har budd i Norge i 20 år. Razan har nettopp kome heim frå sjukehus etter eit lårhalsbrot, og ventar på å få plass på rehabiliteringssenteret for opptrening. Du er kjent med at Razan i periodar slit med høgt alkoholforbruk, og at han var rusa da han fall og brekte lårhalsen. Razan er skilt, og har to vaksne barn som bur i same by.

Oppgåve 1

- a) Forklar kva allmenntilstand er.
- b) Korleis kan alkoholmisbruket til pasienten over tid ha påverka allmenntilstanden hans?

Oppgåve 2

Razan er heime mens han ventar på rehabiliteringsplass. Han kan gå med preikestol, men får ikkje belaste det opererte beinet. Han treng hjelp til personleg hygiene og tilrettelegging av måltid.

Beskriv prinsippa for grunnleggande sjukepleie til Razan. Kva er det viktig å tenke på?

Oppgåve 3

- a) Kva for nokre komplikasjonar kan oppstå hos Razan etter lårhalsbrot?
- b) Gjer greie for kvifor desse komplikasjonane kan oppstå hos Razan.
- c) Gi eksempel på førebyggjande og helsefremmande sjukepleietiltak som du kan gjere for å unngå forverring av komplikasjonane til Razan.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• forklare hva allmenntilstand er• gjøre rede for prinsippene for og demonstrere grunnleggende sykepleie• gjøre rede for de vanligste tegn og symptomer på sykdom og skader, og gjenkjenne sykdomsforverring• forklare hva hverdagsmestring, habilitering og rehabilitering er, og gi eksempler på forebyggende og helsefremmende tiltak <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene• viser kreativitet i valg av løsninger• viser ferdigheter i problemløsning• har fokus på brukeren• ser helse i et helhetlig perspektiv

Situasjonsbeskrivelse:

Du arbeider som helsefagarbeider i hjemmetjenesten i en liten kommune. Der har du primæransvar for Razan som opprinnelig kommer fra Syria. Han har bodd i Norge i 20 år. Razan har nettopp kommet hjem fra sykehus etter lårhalsbrudd, og venter på å få plass på rehabiliteringssenteret for opptrening. Du er kjent med at Razan i perioder sliter med høyt alkoholforbruk, og at han var beruset da han falt og brakk lårhalsen. Razan er skilt, og har to voksne barn som bor i samme by.

Oppgave 1

- a) Forklar hva allmenntilstand er.
- b) Hvordan kan pasientens alkoholmisbruk over tid ha påvirket hans allmenntilstand?

Oppgave 2

Razan er hjemme i påvente av rehabiliteringsplass. Han kan gå med prekestol, men får ikke belaste det opererte benet. Han trenger hjelp til personlig hygiene og tilrettelegging av måltider.

Beskriv prinsippene for grunnleggende sykepleie til Razan. Hva er det viktig å tenke på?

Oppgave 3

- a) Hvilke komplikasjoner kan oppstå hos Razan etter lårhalsbrudd?
- b) Gjør rede for hvorfor disse komplikasjonene kan oppstå hos Razan.
- c) Gi eksempler på forebyggende og helsefremmende sykepleietiltak som du kan gjøre for å unngå forverring av komplikasjonene til Razan.

